

# LOV FOR NORD- OG MIDTHORDLAND HØGSKULELAG

Vedteken på ekstraordinært årsmøte 9. desember 2003

§ 1: Nord- og Midthordland Høgskulelag er ein sjølveigande institusjon som har til føremål å driva Fana Folkehøgskule og vera til vern og stønad for skulen.

Skulen skal drivast i samsvar med tradisjonen i den grundtvigske folkehøgskulen og i samsvar med dei lover og reglement som styresmaktene gjev for folkehøgskulen.

§ 2: Lagsfolk kan dei verta som vil arbeida for Fana Folkehøgskule, den frie folkehøgskulerørsla og den grundtvigske folkehøgskulen. Innmelding som lagsmedlem må skje innan 31. desember, og medlemskapen gjeld frå 1. januar det følgjande året etter innmelding.

Lagspengane skal betalast kvart år. Årsmøtet fastset storleiken på lagspengane. Om lagspengane ikkje vert betalte innan 31 desember, tolkar ein det som utmelding av Høgskulelaget.

§ 3: Høgskulelaget skal ha eit styre på 5 medlemmer, med 3 varamedlemer i nummerert rekkjefylgje. Rektor er fast medlem i styret. Leiaren vert vald for 1 år ved særskilt val. Dei 3 andre styremedlemene vert valde for 3 år, men slik at 1 er på val kvart år, dei to fyrste åra etter loddtrekking. Varamedlemene vert valde for 1 år. Årsmøtet vel revisor og valnemnd for 1 år. Styret vel seg imellom nestleiar, skrivar og kassastyrar. Rektor er forretningsførar for Høgskulelaget. Ein må ha vore medlem i Høgskulelaget i minst 1 år for å kunna stilla til val.

§ 4: Styret har ansvaret for og tilsynet med eigedomar og bygningar, og tek avgjerd om nybygg, ombygging og større vølingar. Styret skal ordna med lån og andre økonomiske spørsmål som ikkje vedkjem den daglege drifta av skulen.

Styreleiaren i Høgskulelaget, saman med rektor, bind laget med sine underskrifter.

§ 5: Årsmøtet er Høgskulelaget sitt øvste organ og bør haldast innan 10. juni.

På årsmøtet vert det lagt fram til godkjenning årsmelding og ettersedd rekneskap. Årsmelding for skulen skal òg leggjast fram for årsmøtet.

Årsmøtet gjer dei val som er nemnde i § 3. Valnemnda skal førebu dei vala som årsmøtet skal gjera i samsvar med § 3, og kome med framlegg til revisor. Styret gjer framlegg om valnemnd. Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn når styret finn at det trengst, eller når minst 1/3 av lagsfolka krev det. Både årsmøte og ekstraordinært årsmøte skal kallast inn med 14 dagars varsel. Saman med innkallinga skal fylgja sakliste.

15. april er fristen for å melda saker til det ordinære årsmøtet.

§ 6: Skulen skal ha eit styre i samsvar med "Lov om folkehøgskoler 06.12.02, nr 72".

Styret skal ha 7 medlemmer og vert samansett slik:

- 4 representantar, valde av styret i NMH, for 2 år, men slik at 2 er på val kvart år, fyrste året etter loddtrekking
- rektor
- 1 representant for dei tilsette, vald for 1 år
- 1 representant for elevane, vald for 1 år

Alle representantane skal ha personlege vararepresentantar. Styret konstituerer seg sjølv.

§ 7: Skulle tilhøva verta slik at Nord- og Midthordland Høgskulelag ikkje ser seg råd med å driva Fana Folkehøgskule etter § 1 i denne lova, skal styret senda melding om dette til Kommunen, Fylkesmannen, Norsk Folkehøgskulelag, og samstundes kalla inn til ekstraordinært årsmøte for å drøfta stoda.

På eit slikt ekstraordinært årsmøte skal dei innkalla representantane ha tale- og framleggsrett. Vert det tale om sal, bortleige eller anna form for overdraging av eigedomen til annan eigar eller andre føremål enn dei som er nemnde i § 1, må heile styret og minst 2/3 av alle som har røysterett i Høgskulelaget, røysta for eit slikt framlegg.

Korkje Styret eller Årsmøtet kan i andre høve enn dette setja i gang verksemd eller tiltak i strid med § 1 i denne lova.

§ 8: Skulle det verta gjort vedtak om sal eller overdraging av Høgskulelaget sine eigedomar, skal medelen som vert att, setjast av til eit høgskulefond. Fondet skal nyttast til å skipa ein ny folkehøgskule i Nord- og Midthordland på same grunnlag som i § 1. Det er eit vilkår at arbeidet med den nye skulen vert sett i gang innan 20 år. I motsett fall skal fondet gå over til eit stipendfond for hordalandsungdom som reiser til ein folkehøgskule i Noreg eller i eit anna land, eller tek ei anna utdanning som er i samsvar med § 1. Vedtektene for stipendfondet skal godkjennast av eit ekstraordinært årsmøte.

Dersom Høgskulelaget vert oppløyst, eller ikkje fungerer i 4 år, går styringa av fondet til Hordaland fylke.

§ 9: Endringar i denne lova kan berre gjerast når 2/3 av medlemene røystar for det. Framlegg til lovbrigde skal setjast fram på eit ordinært årsmøte, men kan verta vedteke først på neste ordinære årsmøte. Ein kan ikkje fremja framlegg til endringar eller tillegg til denne lova i strid med § 1 i lova (føremålsparagrafen).